



ADU as
Postboks 75
5952 FONNES

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/1737 - 16/20715

Saksbehandlar:
Marianne Aadland Sandvik
marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.
no

Dato:
31.10.2016

Godkjenning for deler av tiltaket - GBNR 23/446 - igangsetting for riving av deler av bustad - Holtermandsvegen

Administrativt vedtak. Saknr: 358/2016

Tiltakshavar: Jens Olav Kvamsås Bertelsen
Ansvarleg søkjar: ADU as
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1.

SAKSUTGREIING:

Tiltak:

ADU as har på vegne av tiltakshavar, Jens Olav Kvamsås Bertelsen, søkt om igangsetting for riving av deler av bustad på gbnr. 23/446, Holtermandsvegen 18 i Meland kommune.

Rammeløyve er gitt administrativt i vedtak 355/2016, datert 31.10.2016.

VURDERING:

Lov- og plangrunnlag:

Det følgjer av pbl § 21-4 tredje ledd at løyve kan delast opp i rammeløyve og igangsettingsløyve etter søkar sitt ønske. Igangsettingsløyve kan likevel ikkje gis «før vilkår i rammetillatelsen er oppfylt, ansvarsrett er tildelt (...)». Kommunen har i denne saka ikkje stilt vilkår i rammeløyve. Det vert vist til vedtak om

rammeløyve med tilhøyrande vurderingar. Vidare har Recover Nordic AS teke på seg ansvaret for å rivinga. Vilkår for å kunne gje igangsettingsløyve for riving er difor oppfylt, jf. pbl § 21-4 tredje ledd.

Nabovarsling:

Tiltaket vart nabovarsla i samband med søknad om rammeløyve, jf. pbl § 21-3. Søknad om igangsettingsløyve inneheld ikkje endringar som gjer det naudsynt med ytterlegare varsling.

Ansvarsrettar:

Ansvarsrettar i saka går fram av erklæringar om ansvarsrett og gjennomføringsplan journalført motteke 18.10.2016. Ansvarleg føretak i byggesaker innestår for at tiltaket vert utført i samsvar med krav gitt i eller i medhald av denne lova, jf. pbl kapittel 23.

VEDTAK:

«Meland kommune gjev i medhald av pbl §§ 20-1 og 21-4 tredje ledd igangsettingsløyve for riving av deler av bustaden i samsvar med søknad med vedlegg journalført motteke 18.10.2016.

Tiltaket skal gjennomførast i samsvar med krav og vilkår gitt i eller i medhald av pbl, så fram det ikkje er gjeve unntak.

Ansvarsrettar gjeld i samsvar med innsendte erklæringar og gjennomføringsplan motteke 18.10.2016, jf. pbl § 23-3.

Dei opplysningane om byggjetiltak og tiltakshavar som går fram av søknaden vert registrert i matrikkelen, jf. matrikkellova.

Igangsettingsløyve fell bort dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan tre år, eller dersom tiltaket vert innstilt i lengre enn to år, jf. pbl § 21-9.»

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl § 27b.

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. fvl §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Marianne Aadland Sandvik
Juridisk rådgjevar byggjesak

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

ADU as

Postboks 75

5952

FONNES